

---

**Fra:** Else-Marie Brobakke Aarø <Else-Marie.Brobakke.Aaro@hfk.no>  
**Sendt:** torsdag 22. mars 2018 11.23  
**Til:** Kommunane i Hordaland - Alle  
**Kopi:** Mette Nora Sætre; Bård Sandal; age.rosnes@askoy.kommune.no; Lisbeth.Marie.Aasebo@askoy.kommune.no; Stine Emilie Konradsen; Helge Dyrkolbotn; finn.markussen@bergen.kommune.no; Annette.Servan@bergen.kommune.no; benedictelose@bergen.kommune.no; Anne-Beth Njærheim; lisbeth.bygstad.celik@eidfjord.kommune.no; hilde.hoyland@etne.kommune.no; Ingebjørg Vamråk; anjo@fitjar.kommune.no; jeanett.nesse@fjell.kommune.no; anne-lise.aaseng@fusa.kommune.no; grete.ljones@granvin.kommune.no; maren-espedal.miille@jondal.kommune.no; Kari Sæle; reikju@kvam.kommune.no; harald.maaland@kvinnherad.kommune.no; Helga Irene Ellingsen; Tord A Lappen Moltumyr; Ove Sæbø; gunnvor.s.medhus@odda.kommune.no; jvaa@os-ho.kommune.no; aitj@os-ho.kommune.no; Viviann Kjøpstad; Olaf Michal Hella; meline.heimdal.haugland@samnanger.kommune.no; tove.agdestein@stord.kommune.no; laila.klemetsaune@sund.kommune.no; petter.steen@sveio.kommune.no; Vibeke Stoltz; sigrid.dagestad@ullensvang.herad.no; kristin.liset@ulvik.kommune.no; Silje-Iren N Olsen; Nils.F.Kvamme@voss.kommune.no; Andreas Ask; bgu@oygarden.kommune.no  
**Emne:** VS: HORDALAND ER INNE I PROGRAM FOR FOLKEHELSEARBEID  
**Vedlegg:** 18-7068-1 Innstilling av programfylker 2018 21139280\_10\_0.pdf; Søknad frå Hordaland 2018 Program for folkehelsearbeid i kommunane.pdf; Vedlegg 1 Søknad frå Hordaland program for folkehelsearbeid i kommunane 2018.pdf

Til alle kommunane i Hordaland ved rådmannen

Kopi: Folkehelsekoordinatorar/folkehelsekontaktar

### ***Hordaland er programfylke frå 2018 i program for folkehelsearbeid i kommunane.***

Vi fekk i går melding om at Hordaland er innstilt som programfylke frå i år. Tilskotsperioden er utvida frå 5 til 6 år.

Tildelinga til oss i år er 6 mill. kroner, og med atterhald om årleg budsjettløyve frå Stortinget vil dette vere årleg tilskotsum.

Vi får endeleg tilskotsbrev med vilkår først over påske. Sidan vi har fått mindre midlar enn vi søkte om og programperioden er utvida frå fem til seks år, må vi sjå litt på korleis vi skal rigge opptak frå kommunar inkl. tilskotsummar på nytt. Dette med utgangspunkt i opplegget skissert i søknaden. Ei prosjektperiode på seks år opnar opp for at kommunane kan bli tekne opp i programmet over fleire år enn vi har skissert også.

Vi kjem til å lyse ut opptak midt i april med søknadsfrist den 30.05 2018. Vi vil invitere alle kommunar til møte den 16. 04 om programmet og samarbeid med FoU-miljøa. Vi sender meir informasjon om dette direkte til folkehelsekontaktar/koordinatorar.

Vi i Hordaland fylkeskommune vil rette ei særstortakk til alle dykk i kommunane for gode bidrag inn i arbeidet med å utvikle søknaden. Dette samarbeidet har vore særstort verdifullt, og er ein av grunnane til at vi no er inne i programmet her i Hordaland. Vi ser fram til vidare samarbeid om utvikling av gode helsefremjande tiltak for barn og unge i kommunane.

Vi ønsker alle ei riktig god påske.

Vedlegg: Innstillinga som programfylke.  
Søknaden med vedlegg.

Beste helsing

**Else-Marie Brobakke Aarø**

Seniorrådgjevar

Regionalavdelinga | Seksjon for Næring og lokalsamfunnsutvikling

[Else-marie.aaro@hfk.no](mailto:Else-marie.aaro@hfk.no)

Tlf: 924 79 790

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)